

NRK Nynorsk mediesenter



Status
per 09.10.09



Fleire nynorskpraktikantar i fast arbeid i NRK

Dei to siste vekene i august fekk fire tidlegare nynorskpraktikantar fast arbeid i NRK. Det var Eli Bjelland i NRK Dagsnytt, Gøril Furu i "Nattønsket" på Tyholt og Magnus Stokka og Samina Bruket i NRK Rogaland. Dei to sistnemnde var nynorskpraktikantar til 1. mars i år, og er dei fyrste som har fått fast arbeid etter så kort tid.

- Per dags dato har 76 % av 50 tidlegare nynorskpraktikantar arbeid i media, dei fleste i NRK. Det er litt færre enn i sommar, men vi må seie oss godt nøgde med slike tal, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

Programleiar i Norge Rundt



Samina Bruket med bilete av den kjende Norge Rundt- programleiareren John Skien frå Rogaland.

Våren 2008 var Samina Bruket ferdig bachelor i historie ved Universitetet i Stavanger, og sjekka Nav.no for å sjå kva som fanst av jobbar. Der oppdaga ho utlysinga av det niande kullet med nynorskpraktikantar i Førde. Ho søkte og kom inn.

Ved nyttår 2009 byrja ho i to månaders ekstern praksis i NRK Rogaland, der ho heldt fram som tilkallingsvikar til ho fekk fast jobb i august. No vert ho programleiar for Norge Rundt frå 20. november, truleg den yngste programleiareren i programmet si lange historie.

- Dette blir kjempekjekt. Det var ei stor lukke då eg fekk fast stilling som journalist i NRK Rogaland. Då sende eg ein takknemleg tanke til NRK Nynorsk mediesenter som hadde tru på meg og tok meg inn, seier Samina Bruket. Ho var den fyrste – og til no den einaste - fleirkulturelle nynorskpraktikanten. Samina Bruket har norsk mor og pakistansk far.

Positiv særbehandling i 3 år

Då NRK innførte tilsetningsstopp i 2008 vart det bestemt at praktikantane frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter skulle reknast som interne søkjarar. Desse to tiltaka er strategiske rekrutteringstiltak i NRK og difor får kandidatane derifrå denne positive særbehandlinga. Dei vert sett på som interne søkjarar til både faste stillingar og vikariat.

Det må ikkje søkjast om unntak frå tilsetningsstoppen for å tilsette dei.

Denne statusen har kandidatane frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter når dei har gjennomført opplæringa, og *i inntil tre år* for dei som får eit mellombels tilsetningsforhold i NRK. Dei som ikkje får tilsetning i NRK, men må ta anna arbeid eller studere medan dei søker arbeid i NRK, opprettheld statusen som interne kandidatar *i atten månader* etter at dei er ferdige med opplæringa



Organisasjonsdirektør Solveig Jølstad saman med kull 11. Frå venstre Bjørn Ivar Voll, Simon Solheim, Mathias Oppedal, Solveig Jølstad, Aleksander Vallestad og Sara Myhren Kornberg

- NRK Nynorsk mediesenter er ein del av ein medviten rekrutteringsstrategi i NRK, og då må vi sikre oss at vi nyttar dei ressursane vi har lagt ned i praktikantane. Det er ingen garanti om arbeid, men gode sjansar. Vi tilset dei vi har tru på, sa organisasjonsdirektør Solveig Jølstad då ho besøkte oss 31. august. – Å tilsette folk i NRK er ei investering på 20. millionar kroner. Dei har nemleg ein tendens til å bli verande, og då er det viktig at dei vi tilset har eit stort og godt repertoar å spele på, sa Jølstad.

Frå faglærer til vaksjef i NRK Sporten

20. november sluttar faglærer Geirmund Henjum for å bli vaksjef i NRK Sporten. Den ledige stillinga etter han er lyst ut med søknadsfrist 23. oktober og vi reknar med å ha ny faglærer på plass til kull 12 startar etter nyttår. Den nye vert faglærer saman med Randi Indrebø. Henjum har vore faglærer sidan tredje kullet og har gjort seg nokre tankar no når han skal slutte:

Takk for meg!

I september 2005, for fire år sidan, stod eg andsynes fem, unge og ambisiøse journalistspirer – kull tre i NRK Nynorsk mediesenter. Eg var like spent som dei, fersk som eg var som "pedagog". No, når det 11.kullet er rundt halvveges, takkar eg av og gjer austlending av meg, i alle høve reint geografisk. Vestlendingen og sogningen i meg er ikkje til å rikka, heller ikkje nynorsken.



Tida i mediesentret har utan atterhald vore gjevande. Å få høve til å vera med på å forma 40 flotte, læreviljuge og skarpe journalistfrø fram til ei yrkeskarriere på berre eit halvt år, har gjeve meg meir menneskeleg og fagleg ballast enn eg trudde var mogleg.

Lukke til vidare til dykk som skal driva NRK Nynorsk mediesenter vidare. Til alle praktikantane eg har hatt gleda av å bli kjend med: Takk for merksemda, entusiasmen og viljen til å bli gode historieforteljarar på nynorsk. Lukke til på ferda dykkar, men hald fokus!

Frå 1.desember ventar nye oppgåver som vaksjef i NRK TV-sporten på Marienlyst. Der blir det og ei kjerneoppgåve å arbeida fram det beste i dei medarbeidarane eg kjem til å ha rundt meg. I den jobben kjem eg garantert til å dra nytte av tida i NRK Nynorsk mediesenter.

- Her kan vi prøve og feile.

Kull 11 byrja på opplæringa 24. august og alt veka etter hadde fyrstemann sak på lufta i NRK Sogn og Fjordane. Dei andre følgde raskt på, og dei har hatt på saker både lokalt og på riksnettet. Førstebels er dei i den "teoretiske" opplæringsfasen, men 26. oktober byrjar dei i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Her er dei til jul, før dei 4. januar 2010 startar i to månaders ekstern praksis i andre redaksjonar.



Kull 11. Frå venstre: Simon Solheim, Aleksander Vallestad, Sara Myhren Kornberg, Bjørn Ivar Voll og Mathias Oppedal

Simon Solheim:

- Læringskurva har vore utruleg bratt, og eg trur ikkje det finst nokon betre stad å bli kjend med journalistyrket. Vi blei kasta ut i ting frå første stund og vi laga saker som kom på lufta allereie etter ei veke. Faglærarane er gode, vi har blitt godt integrert med redaksjonen i NRK Sogn og Fjordane og det er god stemning mellom praktikantane. Miljøet er prega av lagånd, og alle bidrar til å gjere kvarandre gode. Eg gler meg til å møte på jobb kvar einaste dag, og hittil er inntrykket av NRK Nynorsk mediesenter over all forventning.

Aleksander Vallestad:

- Den fyrste tida som nynorskpraktikant har vore enormt lærerik og givande! Eg hadde ikkje jobba med radio og tv før eg kom her, og læringskurva har vore bratt. Men opplæringsopplegget er heilt etter min smak; intensivt og praktisk. Sjeldan har eg lært så mykje på så kort tid. Eg veit at det blir eit rotterace når eg er ferdig her, men eg trur absolutt tida som nynorskpraktikant gjer meg konkurransedyktig, og eg ser fram til å vise kva eg kan!

Sara Myhren Kornberg:

- Som nynorskpraktikant har eg lært utruleg mykje på kort tid – meir enn eg trudde var mogleg. Det er hovudsakleg fordi vi blir kasta rett ut i det. Vi får tyngda vi treng ved å lære radio-, fjernsyns- og nettjournalistikk. Som journalist er det ein styrke å vere multimedial, og det blir ein ved NRK Nynorsk mediesenter.

Bjørn Ivar Voll:

- Dette er ingen skule i nynorsk, dette er ein nyheitsskule. Finne saker, lage saker, få tilbakemelding på saker. Om att og om att – du er ikkje flinkare enn di siste sak. Sliten når du kjem heim, men trygg på at du har lært noko nytt, kvar dag! Opplæringa er praktisk, med vekt på det journalistiske handverket. Læringskurva er bratt. Heldigvis, for me har berre seks månader på oss til å bli trygge nynorskbrukande journalistar. NRK Nynorsk mediesenter utgjer eit miljø der det er rom for å prøve og feile.

Mathias Oppedal:

- Eg trivst som nynorskpraktikant på grunn av den faglege tyngda som er i huset, og på grunn av det fine miljøet som er her. På NRK Nynorsk mediesenter opplever eg at eg lærer mykje på kort tid, og at det eg lærer er relevant og viktig i forhold til journalistyrket. Då meiner eg vektlegginga av praktiske oppgåver, og vektlegginga av språket. Her lærer me at språk er viktig i journalistikken, ein vier mykje tid til dette både i opplæring og i evaluering. På NRK Nynorsk mediesenter meiner eg språket får den plassen det bør ha i ei journalistopplæring.

KURSVERKSEMDA



Kursansvarleg Wenche Schanke Eikum byrja i august i jobb att etter permisjon. Ho tok ho fatt på å lage nye kurs.

Eitt av dei er kurset "God nynorsk". Det er eit kurs som ikkje berre dreier seg om grammatikk, men også om god formidling. Kurs i kommunikasjon og stemmebruk er også nytt denne hausten.

Dei "gamle" kursa våre i medietrening er framleis populære, og det er alt tinga kurs utpå nyåret. Salet av kurs held fram parallelt med at vi avviklar kurs både i og utanfor Sogn og Fjordane. I år har vi halde kurs både i Telemark, Oslo, Hordaland og Møre og Romsdal. Hovudvekta av kundane våre kjem framleis frå offentleg forvaltning eller offentleg eigde verksemder. Men også private verksemder har den seinare tida sett verdien av dei kursa vi tilbyr.

Til denne tid i år har vi halde ni kurs; fire i medietrening, eitt presentasjonskurs, to om skrivning for Internett og to om god nynorsk. Det er Fylkesmannen i Hordaland, Fiskeridirektoratet, Telemarksforsking, Miljøstatus Norge og kraftselskapa BKK og Tussa kraft som har tinga kursa.

- Var ikkje trøytt ein einaste gong

Det var ei av tilbakemeldingane på kurset "God nynorsk" med Tussa kraft i Ørsta 15. september. Kurshaldar var Wenche Schanke Eikum.

"Kurset var bra, lærerikt, interessant og engasjerande. Kurshaldaren var motiverande, dyktig til å formidle budskapet og engasjerande. Dette var ein fin repetisjon av eit, for meg, tungt tema." Slik oppsummerer informasjonskonsulent Ann Kristin Einbu tilbakemeldingane frå dei som deltok på kurset.

På nettsida vår www.nynorskmediesenter.no finn du meir om kursa våre, kurshaldarane og tilbakemeldingar frå dei vi har kursa.

Vellukka samling om mangfald i NRK

- For NRK er det viktig å spegle både det kulturelle og det språklege mangfaldet i landet. Mangfald er rett og slett nødvendig for å styrke og betre journalistikken i NRK, sa kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas i Førde 1.september.

Seminaret "Mangfald i NRK – enklare sagt enn gjort?" var ei markering av at NRK Nynorsk mediesenter har vore i drift i fem år, og eit ynskje

om å sette fokus på kva haldningar det er til nynorskbrukarar og fleirkulturelle i NRK. Tidlegare praktikantar i NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter fortalde om møtet sitt med NRK, og leiarane for dei to tiltaka såg NRK-systemet frå sin ståstad.



Programdirektør Per Arne Kalbakk snakka om røynslene sine med nynorsk og fleirkulturelle i NRK Østlandssendinga, og meinte at direktørmøtet må intensivere arbeidet for mangfald i NRK. Det vart lagt fram to granskingar om språk, ei om haldningar til bruk av dialekt/aksent og ei om nynorsk i NRK. Det var vel 60 deltakarar på seminaret, tyngda NRK-tilsette, men også språkfolk utanfrå.

Kringkastingssjefen understreka at NRK har utfordringar med å oppfylle samfunnsoppdraget sitt, både overfor eit stadig aukande tal menneske med fleirkulturell bakgrunn, og i forhold til nynorsk. – NRK skal vere ein spydspiss på å utfordre haldningar. Vi skal arbeide for å auke toleransen både for fleirkulturelle og nynorske røyster i eteren. Arbeidet som blir lagt ned i NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe skal bli teke meir vare på i systemet, lova kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas då han oppsummerte.

Kvar vert nynorskpraktikantane av ?

Per 1.10. 2009 har vi lært opp 50 nynorskpraktikantar, og 76 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media, tyngda i NRK. Fjorten har fast arbeid, ti i NRK. Elleve har satsa på anna arbeid/studiar og resten er tilkallingsvikarar/vikarar i media, dei fleste i NRK.

Fire tidlegare nynorskpraktikantar er fast tilsette avisjournalistar; i Telemarksavisa, Møre, Drammens Tidende og Sunnmørsposten. Tre er informasjonsfolk; i Datatilsynet, ved Hålogaland teater og i Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU).

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, NRK Utanriks, Tekst-TV og NRK.no, Kulturnytt og poesiprogrammet "Diktafon" i NRK P2, Nattønsket i NRK P1, Juntafilredaksjonen i NRK P3, Underhaldningsavdelinga, Newton i NRK1, NRK Torget (intranettet i NRK) og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Trøndelag og Nordland.

På nettsida www.nynorskmediesenter.no prøver vi å ha oppdaterte oversikter over kva tidlegare nynorskpraktikantar arbeider med, men vi er avhengige av at dei melder frå når dei skifter arbeid.

Tiande kullet – 5.januar til 30.juni 2009



Frå venstre; Ingunn **Thon** (1986), er produksjonsassistent i NRK Super, Malin Olivia **Dahlberg** (1982) er tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt, Ingvild **Ryssdal** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og skriv på masteroppgåva si i samanliknande politikk. Anna **Gytri** (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane og Siri Kleiven **Strøm** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer til bachelor i administrasjon- og organisasjonsvitenskap ved Universitetet i Bergen.

Niande kullet – 25.august 2008 til 28.februar 2009



Frå venstre Steinarr **Sommerset** (1983), er nettjournalist i NRK Puls og FBI, Samina **Bruket** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland, Ann-Iren **Finstad** (1980) er vikar i NRK Kulturnytt, Magnus **Stokka** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland og Erling Molt **Korsnes** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Trøndelag i Steinkjer.

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist **Fenne** (1980) er vikar på Torget, intranettet i NRK. Elin Thingvoll **Berge** (1980) er medielærer i Stavanger, Olav Arne **Nedrelid** (1978) er vikar i NRK Møre og Romsdal, Roger Sevrin **Bruland** (1977) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks/Alltid Nyheter og Eivor **Brandseth** (1985) fullførde ikkje på grunn av sjukdom.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie **Felde** (1981) er informasjonsrådgjevar i Datatilsynet, Eline Buvarp **Aardal** (1984) studerer russisk i Kviterussland, men vil attende til journalistikken neste år. Håvard **Tvedte** (1981) er bibliotekar i Stortinget, Ingunn **Viken** (1980) er frilansjournalist for Sunnmørsposten og Ivar **Folkedal** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Nyheiter og tek mastergrad i journalistikk ved Universitetet i Oslo.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild **Sølvberg** (1978) arbeider i Gateway College, Yngvill Kolset **Haga** (1980) er tilkallingsvikar i Musikkredaksjonen i NRK P2, Mona **Vetthus** (1975) er programleiar for poesiprogrammet "Diktafon" i NRK P2. Ragnhild **Bjørge** (1977) er vikar og vaktstjef/reportasjeleiar i NRK Dagsnytt og Inger **Tveito** (1985) arbeider ved Lovisenberg sjukehus.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte **Vik** (1986) utdannar seg til lærar, Marianne **Feste** (1981) er vikar i NRK Hordaland, Gøril **Furu** (1984) er fast tilsett i Musikk- og nattedaksjonen på Tyholt, der ho er programleiar for "Nattønsket". Ingrid **Hognaland** (1986) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer økonomi og administrasjon ved Høgskulen i Bergen og Vidar **Eidhammer** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland og studerer journalistikk ved Universitetet i Stavanger.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir **Reksnes** (1979) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Bergit Sønstebø **Svendseid** (1984) er fast tilsett som informasjonskonsulent i Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU). Erlend Blaalid **Oldeide** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Z. **Aanestad** (1983) er forfattar og Øystein **Windstad** (1983) studerer statsvitenskap ved NTNU og er tilkallingsvikar i Adressavisa.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve **Rydland** (1984) er vikar i NRK Hordaland, Marita **Haugo** (1982) er fast tilsett i Drammens Tidende, men får ikkje skrive nynorsk. Gisle **Forland** (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline **Kalstveit** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Arkitektthøgskulen i Bergen og Håvard **Hamnaberg** (1978) er overingeniør i ressursseksjonen i NVE, med fornybar energi som spesialfelt.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig **Hareide** (1983) er programleiar for Newton i NRK1, og fast tilsett. Eli **Vaage** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer ved Skrivekunstakademiet i Bergen. Ingebjørg **Bø** (1977) er fast tilsett i Telemarksavisa, Birte Njøsén **Horne** (1984) er fast tilsett i Underholdningsavdelinga i NRK og Janne-Marit Myklebust **Falck** (1981) er fast tilsett i lokalavisa Møre.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli **Bjelland** (1981) er fast tilsett i NRK Dagsnytt. Knut Åge **Teigen** (1970) er fast tilsett prosjektleiar i produksjonsselskapet Snøball Film, og lagar mellom anna undervisningsfilmar for Utdanningsdepartementet. Svein Ove **Hansli** (1976) er fast tilsett og vaksjef i Dagsrevyen. Maria **Rivedal** (1981) er fast tilsett i NRK P3 og produsent for programmet Juntafil. Inger Johanne **Sæterbakk** (1981) er fast tilsett informasjons- og marknadskonsulent ved Hålogaland teater.

Visjon og verdjar

”Stolt nynorsk”

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreieing av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunnsdebatten.

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

POSTADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter
Postboks 100,
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter,
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2,
6800 Førde

ELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no